

FAU Ostereidet ungdomsskule

Årsmelding 2014 - 2015.

1. Disse har vore med i FAU 2014 - 15

Leiar: Inger Hilde Fykse
Nestleiar: Hege Thorkildsen
Skrivar: Malin Møvik
Kasserar: Heidi Dyrkolbotn
Medlem: Malin Haugland Kjenes
Medlem: Rikke C. Haugland
Medlem: Erik Johan Nilsen
Medlem: Ruth-Inger Andersen

Medlem SU / SMU

Inger Hilde Fykse
Hilde Thorkildsen

Personlege varafolk

Erik J. Nilsen
Malin H. Kjenes

Utearealsgruppa:

Rikke C. Haugland

FAU og klassekontaktar 2014-15

| klasse | FAUmedlem | Klassekontakt |
|--------|--|---|
| 8A | Malin Haugland Kjenes 948 28 263 mkjenes@gmail.com | Rikke C. Haugland 930 80 915 rikkehaugland@hotmail.com |
| 8B | Malin Møvik 906 33 231 ma74lin@hotmail.com | Karoline Romarheim 415 59 800 Karoline.romarheim@modalen.kommune.no |
| 9A | Erik Johan Nilsen 977 09 134 erikjnilsen@hotmail.com | Miriam Hovden 918 26 967 uberwunder@hotmail.com |
| 9B | Hege Thorkildsen 466 47 858 heget27@hotmail.com | Ruth-Inger Andersen 958 18 970 ruthiandersen@gmail.com |
| 10A | Inger Hilde Fykse 993 46 755 ihfykse@gmail.com | Nina Stabell Øvreås 995 09 216 nina.ovreas@lindas.kommune.no |
| 10B | Heidi Dyrkolbotn 917 00 457 hei-dyr@online.no | Petter Sand 970 94 263 Psand@online.no |

2. Møte og arrangement.

Dei vanlege årsmøtesakene, årsmelding og rekneskap, vart gjennomgått på temakvelden 18.02.15. Valet av klassekontaktar var alt gjort i klasseforeldremøta og godkjende i rådsmøtet. Om lag 40 foreldre møtte fram på det kombinerte årsrådsmøtet/temakvelden 18.februar.

FAU har i året elles hatt 5 møte og diskutert saker av interesse for samarbeidet mellom heim og skule. I tillegg har det vore telefonisk og kontakt og kontakt via mail. FAU har dette året vore mest oppteken av dei nære tinga - det som har med skulen og elevane å gjere. Såleis har FAU skipa til skulefrukost, nyttårsball, temakveld og årsavslutning for 10.kl. Foreldra og elevane i 9. kl. arrangerte avslutningsball.

3. Julefrukost / skuleavslutning før jul

FAU deltok i markeringa av juleavslutninga på skulen med å skipe til julefrukost i musikkrommet siste dagen før jul. Det kan vere eit problem å få foreldre til å stille på dagtid og vere med å arrangere dette positive tiltaket. Likevel klarte foreldra dette i år på ein svært grei måte. Det har kome sterke signal frå skulen om at ein håper at ordninga kan halde fram, og at foreldra også i framtida kan sjå seg syn med å gjere denne dugnaden som elevar, tilsette og frammøtte foreldre opplevde som positiv. Måltidet som gjekk roleg og fint føre seg og elevane sette tydelegvis pris på tiltaket fordi dei tok for seg av det bordet kunne tilby. Heldigvis har ein del foreldre signalisert at dei ynskjer å vere med og prioritere tiltaket. Det gjer det lettare for alle partar.

4. HAB

Foreldra hjelte skulen i Operasjon Dagsverk (OD) med den lokale vrien vi har vore samde om. Inntekta av innsamlinga har i 6 år gått til å opprette eit opplæringstilbod etter skuletid for ungdom ved barneheimen i Barstyciai i Litauen, men pengar frå innsamlinga har og vore nytta til nødvendige strakstiltak i heimen til dei 35 barna.

5. Avslutningsfest for 10.kl.

FAU arrangerte saman med skulen og foreldra i 9. klasse avslutningsfest for 10.klasse. Arrangementet var også i år todelt. Flott arrangement.

6. Nyttårsfesten

FAU tok på seg å skipe nyttårsfest som før. FAU og klassekontaktane i 10.kl. samla alle gode krefter om tiltaket og foreldra i 10. klasse saman med Solfrid Hindenes og utvalde frå FAU sto for arrangementet. Elevane var og svært aktive og fekk arrangementet inn i eit godt/ perfekt spor. Opplegget gjekk heilt supert og no veit vi og at dette er følgd opp i år.

7. Andre arrangement

* KFU ligg dessverre brakk og FAU har derfor ikkje vore representert der.

* Klassekontaktane har vorte meir dregne inn i arbeidet rundt klassen. Dei tillyste planleggingsmøta der kontaktlærer og klassekontaktane saman utarbeider aktivitetsplan for klassane, er betre i drift enn før. Framleis er det rom for større medverknad her.

8. Framover

Foreldra er ein ressurs for og i skulen. Vi ynskjer også å bli brukt som det, og reknar med at kontaktlærarane også ynskjer eit slikt samarbeid omkring den einskilde eleven, læringsmiljøet og det sosiale miljøet i kvar klasse og til sjuande og sist om heile skulen. Det er klart at vi som foreldre har synspunkt på dette.

FAU ser det derfor som viktig at samarbeidet mellom klassekontaktar og kontaktlærar vert vitalisert til beste for elevane og deira trivsel og læringsutbyte.

FAU er stolt av at elevane hevdar seg så godt innan idrett, og at resultata dei einskilde elevane oppnår, ligg godt over gjennomsnittet av det andre elevar i Lindås oppnår og er stolt av at det går godt med elevane her også etter skulen.

FAU ser det som viktig at ein i framtida også slår ring omkring dei gode forholda for idrett og opplæring og går ikkje av vegen for å yte ein ekstra innsats om det er påkravd for å halde spesielt krevjande rom ved like slik at dei stettar dagens krav.

Det er stort engasjement frå foreldre når det gjeld å stille som vaktar og medhjelparar på eit par av arrangementa som foreldra har ansvaret for. Denne felles dugnadsinnsatsen frå alle foreldre - ikkje berre representantane i FAU er gull for elevane sitt skule og læringsmiljø. Det har fungert i året som gjekk, og FAU vonar det i det kommande året vil bli endå lettare for dei klassekontaktane som skal hjelpe til med å skaffe folk til ulike tiltak til beste for dei unge. Det er opp til oss vaksne å syte for at det frametter kan vere den gode sosiale møtestaden det har vore fram til no.

FAU rettar med dette ein takk til skulen for samarbeidet i året som har gått, og ynskjer at det vert like bra i året som kjem.

Ostereidet, 01.11.15

Inger Hilde Fykse, leiar i FAU (s)

Arne Riisnes, hjelpeskrivar